

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2017

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Tillegg, på slutten av punkt 2:  
Fylkesutvalet føreset at biogassen som vert brukt i Hordaland fylkeskommune er berekraftsertifisert.»

### Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Tomren sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

### Vedtak

1. Fylkesutvalet meiner at arbeidet som er gjort i høve til «Biostrategi i Hordaland» er eit godt grunnlag for vidare arbeid med ein endeleg strategi. Fylkesutvalet inviterer relevante aktørar til å delta i det vidare arbeidet. Fylkesutvalet ber om at desse aktørane vert deltakarar i arbeidet med å ferdigstille strategien, slik at strategien er klar til å verte ein del av temaplanen som kjem i fylkesutvalet og fylkestinget i september og oktober 2017.
2. Fylkesutvalet ser behov for å innovasjon og kompetanseheving. Gjennom kvalifisering til finansiering frå «Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland», «Regionalt forskingsfond Vestlandet» og «Klimaplan for Hordaland» vil fylkeskommunen støtte kunnskapsbygging innan områda:

Forretningsmodellar for samrotning av næringsavfall og husdyrgjødsel  
Bruk av biorest i landbruket i Hordaland  
Samrotning av avfall frå fiskeoppdrettsnæringa og GROT (greiner, røter og toppar).

Fylkeskommunen vil prioritere prosjekt som er både klimaeffektive og økonomiske.

Fylkesutvalet føreset at biogassen som vert brukt i Hordaland fylkeskommune er berekraftsertifisert.

3. Fylkesutvalet peiker på eksisterande tiltak 5.19 i Handlingsprogram i Klimaplan for Hordaland med omsyn til å initiere fyllinfrastruktur for biogass for tunge køyretøy. Det er i denne samanhengen spesielt relevant å nytte nasjonale støtteordningar.
4. Fylkesutvalet kjem tilbake til vurderingar av biogass i kollektivdrifta ved handsaminga av temaplan for innføring av låg- og nullutsleppsteknologi for bussar i Hordaland. Temaplanen vert lagt fram for utval for miljø og samferdsel, fylkesutvalet og fylkestinget i september/oktober 2017.
5. Hordaland fylkeskommune skal ta initiativ til eit samarbeid med fylka knytt til Vestlandsrådet om auka bruk og produksjon av biogass.
6. HOG vert oppmoda om å innhente informasjon frå EU-prosjektet Enerbox om moglegheit for synergjar ved å kombinere bruk av biogass med bruk av oksyhydrogen.